

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.08.2018

I samband med RS 43/18 Spørsmål om tannhelsetenesta, hadde **Dan Femoen (H)** tilleggsspørsmål til fylkestannlegen, i møtet. **Dan Femoen (H)** bad om følgjande:

«Ber om at svaret frå fylkestannlegen vert sett opp som ei referatsak til neste møte i utvalet den 04.09.2018.»

Tor Andre Ljosland (Krf) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Gangtunnelen mellom Bergen storsenter og Bygarasjen/Vestre Strømkai er i dag ein trist transportetappe for dei mange gåande. Her er det store overflater som kan bli nytta på ein betre måte. Vi ønskjer at elever ved KDA skal kunne nytte tunnelen til å stille ut sine arbeider slik at tunnelen blir meir interessant, og at unge talent får vist fram sine arbeider for eit stort publikum.

1. Er det eigeforhold knytta til tunnelen som kan vanskeleggjera eit slikt forslag?»

Røysting

Tore Andre Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Dan Femoen (H) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

« Ad. skole og opplæring for kandidatar med rett på spesialundervisning.

Dagens elevar vert haldne lengre i skolen, då det ikkje er læreplass for dei i bedrifter. Dei har same rettar til opplæring som alle andre ungdomar, men får ikkje anna tilbod enn undervisning i skole, evt. utplassering eit par dagar i veka i vekstbedrifter. Både Øst- og Vestfold har starta opp med spesialundervisning. Ber om ei sak der det vert vurdert å starte opp prosjekt med spesialundervisning i bedrift i Hordaland.»

Røysting

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt oversendingsforslag til neste møte i utvalet:

«Ber om orienteringar i neste OPHE-møte om:

- a) Status for arbeidet med det nye fylket på våre saksfelt.
- b) Status for produksjonsskulen på Hjeltnes.»

Røysting

Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.